



Saksframlegg

Søknad om tilskot til oppsetting byste i Øyskogen.

Utval	Utvalssak	Møtedato
Hovudutvalet for oppvekst, kultur og omsorg		

Endeleg vedtaksrett i saka har hovudutvalet for oppvekst, kultur og omsorg

Dokument i saka:

Søknad frå Fyresdal bygdemuseum av 28.02.2025

Saksprotokoll søknad om tilskot og hjelp til å setje opp byste av Ivar Tveiten 2024

Inngåande søknad frå Fyresdal bygdemuseum 10.03.2024

Bakgrunn for saka:

OKO utvalet hadde i 2024 denne saka til handsaming, då med eit anna utgangspunkt enn no. Bakteppet den gong var at etterkomarar av Ivar Tveiten ville gje i gåve ei byste av Ivar Tveiten til oppsett i Øyskogen. Dette ville medføre kostnader kr 25.000,- og arbeid. Etterkomarane ville at Fyresdal bygdemuseum skulle ta ansvaret for gjennomføring av det formelle, praktiske og økonomiske arbeidet rundt dette. Styret i bygdemuseet hadde ikkje kapasitet til dette, og søkte om at Fyresdal kommune skulle gjere det.

Saka blei handsama i OKO utvalet sak 4/24 i møte 14.03.2024 med fylgjande vedtak:

Vedtak i Hovudutvalet for oppvekst, kultur og omsorg - 14.03.2024:

Fyresdal kommune avslår søknad frå Fyresdal bygdemuseum, då ein ikkje ser at dette er ein oppgåve for kommune.

Saka blei lagt fram med utan innstilling, men med to moglege framlegg til vedtak:

1

Fyresdal kommune avslår søknad frå Fyresdal bygdemuseum, då ein ikkje ser at dette er ein oppgåve for kommune.

2

Fyresdal kommune er positive til å få ein byste av Ivar Tveiten i Øyskogen, og tar over prosjektet med oppføring av sokkelstein, plakett, osb. Kostnadane inntil kr 25.000,- blir løyvd frå OKO utvalet sitt disponible fond 1113.370.

Prosjektet blir då eit samarbeid mellom Fyresdal kommune og Vest-Telemark Museum.

Søknaden som no har kome, handlar om at Fyresdal bygdemuseum har fått i gåve bysta som Dyre Vaa gjorde i 1925, og ynskjer no setje denne opp i Øyskogen.

Dei har og tatt på seg ansvaret for å få arbeidet gjennomført.

Dei søker kr 20.000,- frå Fyresdal kommune for å få gjennomført dette tiltaket.

Vurdering:

Saka er vurdert ut frå strategi i Kommuneplanen sin samfunnsdel Fyresdal kommune 2023-2035 strategi for samfunnsutvikling, kultur og frivillige: – Ta vare på kulturarven.

Ivar Tveiten har vore ein mann av betydning for Fyresdal, og ein byste i Øyskogen er ein fin tanke. Den originale bysta er laga av Dyre Vaa (Kviteseid/Rauland 1903-1980) og blei rekna som eit gjennombrot i hans arbeid som bilethoggar. Bysta blei kjøpt inn på Nasjonalgalleriet, og ein versjon er også utstilt på Stortinget.

I Øyskogen er det frå før minne over Andreas Jørgensen Veum, skipar av Fyresdal Vel, som igjen skipa bygdemuseet, og minnestøte over prest og ordførar Iver Andreas Teisner.

Dette er ein søknad om tilskot for å få gjennomført eit arbeid med oppsetting av bysta, og slik sett annleis enn seist, då det var ynskjeleg at kommunen både skulle gje økonomisk tilskot og gjennomføre tiltaket.

Vedtaket i 2024 var negativt, med begrunning at dette ikkje var eit kommunalt ansvar. Ein ny vurdering no må gå på om ein ynskjer å gje tilskot til dette tiltaket.

Det er ikkje midlar i kulturbudsjettet, og det blir då å vurdere om OKO utvalet ynskjer å gje midlar av sin disponible pott.

Rest av disponible pott for 2025 er kr 66.000,-.

Konklusjon:

Den negative innstillinga frå 2024, var begrunna med at det ikkje var eit kommunalt ansvar å sette opp ei byste. Fyresdal bygdemuseum søkjer no eit tilskot til dekking av utgifter til prosjektet, og tar ansvar for gjennomføring. Ein vel derfor å vere positiv til eit slikt tilskot.

Innstilling frå kommunedirektøren:

Fyresdal kommune innvilgar søknad frå Fyresdal bygdemuseum om stønad om midlar til oppsetting av byste av Ivar Tveiten i Øyskogen med kr 20.000,-.

Løyving frå 1118 470

Rest disponibel pott er då 46.000,-.

Ulf Pedersen	
Kommunedirektør	Hilde Martini Momrak
	avdelingsleiar kultur